ULSTEIN KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utvalg: **Ulstein kommunestyre**
Møtestad: **Kommunestyresalen, Ulstein rådhus**
Dato: **21.06.2012**
Tid: **18:00 – 22:00**

Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jan Berset	Ordførar	H
Heidi Strand	Medlem	H
Tor Meinseth	Medlem	H
Egil Ulfstein	Medlem	H
Knut Kleiven	Medlem	H
Steven P. Karunasamy	Medlem	H
Renathe Rossi-Kaldhol	Medlem	AP
Ivar Mork	Medlem	AP
Marianne Breivik	Medlem	AP
Hanne Notøy	Medlem	AP
Silja Øvrelid	Medlem	AP
Svein Børre Dimmen	Medlem	FRP
Knut Erik Engh	Varaordførar	FRP
Alf Johan Antonsen	Medlem	FRP
Einar Nevstad	Medlem	FRP
Bjørg Hasund	Medlem	KRF
Steinar Torvik	Medlem	KRF
Eldar Knotten	Medlem	V
Aase Ulla	Medlem	V
Pål Grødahl	Medlem	V
Lisa Mari Breivik Anderson	Medlem	SP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Harald Rune Ulstein	MEDL	H
Else Marie Brandal	MEDL	H
Magne Grimstad jr.	MEDL	AP
Kåre Johan Lynge	MEDL	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Gro Anita Engh	Harald Rune Ulstein	H
Hans Petter Th. Ulstein	Else Marie Brandal	H
Magne Gurskevik	Magne Grimstad jr.	AP
Ingebjørg Kesseboom	Kåre Johan Lynge	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Verner Larsen	Fung.rådmann
Marit Botnen	Kommunalsjef helse og omsorg
Leif Ringstad	Kommunalsjef oppvekst og kultur
Kari Mette Sundgot	Økonomi- og organisasjonsleiar
Per Dimmen	Prosjektleiar UEKF
Rune Urke	Dagleg leiar UEKF
Marianne Hatløy	Politisk sekretær

Permisjonar/Ugildskap

Steven P. Karunasamy ugild i sak PS 12/83 som part i saka. Vara var ikkje innkalla.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel
	Spørjetime/open talarstol
PS 12/54	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
PS 12/55	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
PS 12/56	MELDINGSSAKER
RS 12/31	UTGREIING AV EVENTUELL KOMMUNESAMANSLÅING ULSTEIN OG HAREID. SØKNAD OM STØNAD FRÅ KRD.
RS 12/32	UTGREIING AV EV. KOMMUNESAMANSLÅING ULSTEIN OG HAREID, SAMT SØKNAD OM STØNAD TIL FORPROSJEKT
RS 12/33	SØKNAD OM STØNAD TIL FORPROSJEKT
RS 12/34	DRAGSUND ASVO AS - PROTOKOLL 2012
RS 12/35	PROTOKOLL FRA ÅRSMØTET 2011 DÅS
RS 12/36	SUNNMØRE REGIONRÅD - MELDING FRÅ REVISOR - FRÅSEGN OM ÅRSREKNESKAPEN 2011
RS 12/37	SUNNMØRE REGIONRÅD - REVIDERT ÅRSREKNESKAP FOR 2011, REVIDERT SELSKAPSAVTALE, PROTOKOLL FRÅ MØTE I REPRESENTANTSKAPET 13. APRIL 2012 OG REFERAT FRÅ STYREMØTE 4. MAI 2012
RS 12/38	RAPPORT VEDKOMANDE UTFØRTE SALS-, SKJENKE- OG RØYKEKONTROLLAR
PS 12/57	FINANSFORVALTNING 2012 - 1. TERTIAL
PS 12/58	ULSTEIN KOMMUNE - STATUSRAPPORT 1. TERTIAL 2012
PS 12/59	VAL AV STYRE, LEIAR OG NESTLEIAR I UEKF
PS 12/60	VAL AV STYREKANDIDATAR TIL HØDDVOLL STADION AS
PS 12/61	PARTNERSKAPSAVTALE-GOD HELSE PROGRAMMET
PS 12/62	OPPSTART AV FRISKLIVSENTRAL I ULSTEIN KOMMUNE
PS 12/63	SAMHANDLING I HELSESEKTOREN: RESTERENDE VEDLEGG TIL SAMHANDLINGSAVTALER
PS 12/64	AVTALE OM ØYEBLIKKELEG HJELP DØGNTILBOD I MEDHALD AV VEDLEGG 2 TIL SAMHANDLINGSAVTALE MED HELSE MØRE OG ROMSDAL
PS 12/65	SELSKAPSAVTALE - SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS
PS 12/66	DRIFT AV INFRASTRUKTUR I ULSTEIN FJERNVARME AS
PS 12/67	NYE ULSTEINHALLEN
PS 12/68	ARENA ULSTEIN - FINANISERING AV MEIRFORBRUK
PS 12/69	OSNES KYRKJEGARD - AKTUELLE AREAL FOR UTVIDING
PS 12/70	RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN- REAKSJON PÅ BROT ETTER § 1-6
PS 12/71	LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - STRAUMANE MAT AS - FORNYING
PS 12/72	FORNYING-LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - NG KIWI MØRE AS
PS 12/73	FORNYING-LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE – VI-TO AS
PS 12/74	FORNYING-LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE – COOP VEST SA
PS 12/75	FORNYING - SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - BEVILGNING FOR SAL - DAGLIGVARE A/S (BUNNPRIS ULSTEINVIK)

PS 12/76	FORNYING-LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - JONNY MORK AS
PS 12/77	FORNYA LØYVE FOR SAL AV BRENNEVIN, VIN OG ØL - AS VINMONOPOLET
PS 12/78	FORNYING - SKJENKELØYVE - HOTEL ULSTEIN AS
PS 12/79	FORNYING AV SKJENKELØYVE - KOKK'N ROLL
PS 12/80	FORNYING AV SKJENKELØYVE - CAFE NOVA
PS 12/81	FORNYING -SØKNAD OM SKJENKELØYVE - HAREID PIZZARESTAURANT - VERONA
PS 12/82	FORNYING - SØKNAD OM SKJENKELØYVE - ALEX AS (DEN GODE NABO)
PS 12/83	FORNYING SKJENKELØYVE - ULSTEINVIK BOWLING AS
PS 12/84	FORNYING - SKJENKELØYVE - KAFFIKARI AS
PS 12/85	SKJENKELØYVE - FORNYING - KAFFEBAREN ULSTEINVIK AS
PS 12/86	ETISKE KRAV TIL KOMMUNALE INNKJØP – SKATTEPARADISFRI SONE

Eventuelt

Spørjetime:
Spørsmål frå Heidi Strand vedkomande utbygging av ny veg i Holsekerdalen og framdrifta der. Fung.rådmann opplyste at 1. byggesteg skal vere ferdig 15.10.2012, medan prosjektering av 2. byggesteg skal vere klar ved komande årskifte 2012/2013, og venta ferdig rundt neste årsskifte.

Ulsteinvik, 21.06.2012.

Jan Berset
ordførar

Marianne Hatløy
møtesekretær

Silja Øvrelid

Bjørg Hasund

PS 12/54 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 12/55 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Protokollen frå møtet den 24.05.2012 vart godkjent.

PS 12/56 MELDINGSSAKER

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Meldingane vart teke til vitande.

Handsaming:

- Internavis nr. 2/12 for Ulstein kommune vart delt ut til kommunestyrerepresentantane.

- Steinar Torvik bar fram helsing med takk frå Gospelkoret som fekk kulturstipend for 2011 utdelt av leiar i Levekårsutvalet, Eldar Knotten, under konserten i kyrkja under «Smak av Ulstein» på eittårsdagen etter gravferda til initiativstakar til Gospelkoret, Einar Grimstad.

RS 12/31-33 Repr.frå partia H, AP uttalte seg positivt til kommunesamanslåing. Ordføraren konkluderte med at Ulstein skal jobbe vidare med saka, men likevel avvente konklusjon frå Hareid kommune.

RS 12/35 Spørsmål frå Lisa Mari Breivik Anderson om kvifor Ulstein ikkje var representert på møtet. Ordføraren svarte at det var pga at han og varaordføraren var forhindra.

RS 12/38 Ny versjon av brev frå Nordfjeldske Kontroll vart delt ut i møtet, datert 23.05.12.

RS 12/31 UTGREIING AV EVENTUELL KOMMUNESAMANSLÅING ULSTEIN OG HAREID. SØKNAD OM STØNAD FRÅ KRD.

RS 12/32 UTGREIING AV EV. KOMMUNESAMANSLÅING ULSTEIN OG HAREID, SAMT SØKNAD OM STØNAD TIL FORPROSJEKT

RS 12/33 SØKNAD OM STØNAD TIL FORPROSJEKT

RS 12/34 DRAGSUND ASVO AS - PROTOKOLL 2012

RS 12/35 PROTOKOLL FRA ÅRSMØTET 2011 DÅS

RS 12/36 SUNNMØRE REGIONRÅD - MELDING FRÅ REVISOR - FRÅSEGN OM ÅRSREKNESKAPEN 2011

RS 12/37 SUNNMØRE REGIONRÅD - REVIDERT ÅRSREKNESKAP FOR 2011, REVIDERT SELSKAPSAVTALE, PROTOKOLL FRÅ MØTE I REPRESENTANTSKAPET 13. APRIL 2012 OG REFERAT FRÅ STYREMØTE 4. MAI 2012

RS 12/38 RAPPORT VEDKOMANDE UTFØRTE SALS-, SKJENKE- OG RØYKEKONTROLLAR

PS 12/57 FINANSFORVALTNING 2012 - 1. TERTIAL

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Finansrapporten pr. 1. tertial 2012 vert teken til vitande.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/58 ULSTEIN KOMMUNE - STATUSRAPPORT 1. TERTIAL 2012

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ulstein kommunestyre godkjenner 1. tertialrapport 2012 for Ulstein kommune.

Ulstein kommunestyre er bekymra for at fråværet i helse og omsorg er aukande. Vedtekne innsparingsmål vil vere vanskelig å oppnå.

Handsaming:

Framlegg frå Ulstein Venstre:
Ulstein kommunestyre er bekymra for at fråværet i helse og omsorg er aukande. Vedtekne innsparingsmål vil vere vanskelig å oppnå.

Røysting:
1. Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.
2. Framlegget frå Ulstein Venstre vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

PS 12/59 VAL AV STYRE, LEIAR OG NESTLEIAR I UEKF

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

1. Ulstein kommunestyre vel følgjande styre for Ulstein Eigedomsselskap KF gjeldande frå 01.07.2012:

Representantar:		Pers. vararepresentant:	
Tore Roppen	(2 år)	Roy Henning Haddal	(2 år)
Lidbjørn Vattøy	(1 år)	Trudi Moniz	(1 år)
Gro Anita Engh	(1 år)	Jon Ove Ringstad	(1 år)
Einar Nevstad	(2 år)	Aase Ulla	(2 år)
Greta Notanes	(tilsett – 2 år)	Linda Moldskred	(tilsett – 2 år)

2. Kommunestyret vel for perioden 01.07. 2012 - 30.06.2013:
   Leiar: Tore Roppen
   Nestleiar: Lidbjørn Vattøy

Handsaming:

Tilrådinga frå Valnemnda vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/60 VAL AV STYREKANDIDATAR TIL HØDDVOLL STADION AS

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ulstein kommunestyre vel følgjande kandidatar til styret for Høddvoll Stadion AS:

Knut Erik Engh	styreleiar
Hannelore Måseide	styremedlem
Else Marie Brandal	varamedlem

Handsaming:

Tilrådinga frå Valnemnda vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/61 PARTNERSKAPSAVTALE-GOD HELSE PROGRAMMET

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ulstein kommune vil inngå partnarskapsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune for gjennomføring av God Helse programmet for perioden 2013-2016. Dei ekstra kostnadar for kommunen, kr. 200 000, vert dekt gjennom tiltak i økonomiplanen for 2013, omdisponeringar innan eige budsjett, eventuelt gjennom andre prosjektmidlar.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/62 OPPSTART AV FRISKLIVSENTRAL I ULSTEIN KOMMUNE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

1. Ulstein kommune vil gi innbyggarane eit tilbod om frisklivssentral i kommunen. Ein vil lyse ut eit års engasjement i 50 % stilling som dagleg leiar av frisklivssentral slik at ein får kome i gong med planlegging, førebuingar og oppstart av frisklivssentral i kommunen.
2. Sambruken av Skollebakken vert å evaluere – saka vert å legge fram til Levekårsutvalet i mai 2013.
3. Arbeidet med Frisklivssentralen vert å evaluere innan september 2013.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/63 SAMHANDLING I HELSESEKTOREN: RESTERENDE VEDLEGG TIL SAMHANDLINGSAVTALER

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ulstein kommunestyre vedtek resterande delavtalar under tidlegare vedteken samhandlingsavtale med Helse Møre og Romsdal

- Vedlegg 2: Avtale om koordinerte tenester

- Vedlegg 4: Avtale om døgnopphald for ø-hjelp
- Vedlegg 6: Avtale om faglege nettverk og hospitering
- Vedlegg 7: Avtale om forsking, utdanning, praksis og læretid
- Vedlegg 8: Avtale om jordmortenester
- Vedlegg 9: Samarbeid om IKT
- Vedlegg 10: Avtale om førebygging
- Vedlegg 13: Avtale om praksiskonsulentordninga

Rådmannen får mynde til å godkjenne mindre avtaleendringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/64 AVTALE OM ØYEBLIKKELEG HJELP DØGNTILBOD I MEDHALD AV VEDLEGG 2 TIL SAMHANDLINGSAVTALE MED HELSE MØRE OG ROMSDAL

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ulstein kommunestyre vedtek at Ulstein kommune, under føresetnad av at ein får tilført særskilt tilskot, etablerer tiltak for øyeblikkeleg hjelp døgnopphald ved sjukeheimen.

For 2012 får levekråsutvalet fullmakt til å budsjettregulere dei inntektene som kjem på ordninga til tiltak vi er forplikta til å gjennomføre etter avtalen.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/65 SELSKAPSAVTALE - SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ulstein kommunestyre meiner at framlegget til ny selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinshaldsverk IKS (SSR) er meir oversiktleg og noko klarare formulert enn gjeldande avtale. Kommunestyret har ingen merknad til framlegget som ligg føre.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/66 DRIFT AV INFRASTRUKTUR I ULSTEIN FJERNVARME AS

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

1. Ulstein kommune er positiv til å finansiere utbygging av infrastruktur for fjernvare slik prinsippet er vist i "Forprosjekt fjordvarme i Ulsteinvik oppdatering av utgreiing frå 2009". Ulstein fjernvarme AS skal leige anlegget frå Ulstein kommune. Leiga skal

reknast etter prinsippa for sjølvkost.

2. Utbygging vert gjort etter avtale med Ulstein fjernvarme AS og selskapet må syte for nødvendige data til budsjetthandsaminga slik at kostnader og inntekter kan innarbeidast i kommunen sine økonomiplanar.

3. Ulstein kommunestyre ber Formannskapet som generalforsamling i Ulstein fjernvarme AS å arbeide for at selskapet vert oppkapitalisert slik at det kan dekke fulle leigekostnader for infrastrukturen fram til drifta i selskapet går i balanse.

Handsaming:

Framlegg frå Ivar Mork:
(Erstattar pkt. 3 i rådmannen si tilråding: Ulstein fjernvarme AS skal arbeide for at selskapet vert opp kapitalisert slik at det kan…..)
Ulstein kommunestyre ber Formannskapet som generalforsamling i Ulstein fjernvarme AS å arbeide for at selskapet vert oppkapitalisert slik at det kan…….

Røysting:
Tilrådinga frå Ulstein formannskap med endringsframlegg i pkt. 3 frå Ivar Mork vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/67 NYE ULSTEINHALLEN

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ulstein kommunestyre vedtek utbygging av den nye Ulsteinhallen til om lag 99 mill kr (eks mva)/ 123 mill kr (inkl. mva).

Følgjande føresetnadar må på plass før utbygginga tek til:

a) Gjennomført anbodskonkurranse innanfor vedteken økonomisk ramme
b) Langsiktig leigeavtale med idrettslag og MR fylkeskommune
c) Løyving til IL Hødd i høve oppgradering av garderobane i Høddvollhuset, vert overført den nye hallen/ prosjektet. Vedtak om dette må gjerast av IL Hødd.
d) Eksterne tilskot og spelemidlar på om lag 23 mill kr
e) All mva kompensasjon blir brukt i finansieringa av prosjektet
f) Kommunens sitt driftsbudsjett for Ulsteinhallen vert styrka med 850.000 kr. Dette vert finansiert ved 250.000 kr frå ansvarsområde kulturmidlar og 600.000 kr som nytt tiltak i budsjett/ økonomiplan for perioden 2013 – 2016

Ulstein formannskap får delegert mynde til å godkjenne oppstart av arbeidet/ prosjektet.

Kr 3 mill vert innarbeidd til prosjektering og innhenting av anbod i 2012 budsjettet for UEKF. Kr 1,2 mill av dette vert budsjettert som refusjon og 1,8 mill kr vert dekt av låneopptak. Nødvendig investeringsramme utover dette vert å innarbeide i samband med økonomiplanarbeidet for 2013 -2016.

Handsaming:

Hanne Notøy stilte spørsmål om kvifor Eldar Knotten ikkje sa seg ugild under handsaming av saka no, slik han gjorde sist saka var handsama. Eldar Knotten opplyste at han då var styreleiar i Dimna Idrettslag som var part i saka. Det er han ikkje no; Olav Hansen har dette vervet no.

Kommunalsjef oppvekst og kultur Leif Ringstad orienterte om status rundt utbyggingsplanane om Høddvoll Stadion.

Adm. endring i tilrådinga: d) 33 mill endra til 23 mill.

Røysting:
Tilrådinga frå Ulstein formannskap med adm. endring vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/68 ARENA ULSTEIN - FINANISERING AV MEIRFORBRUK

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Investeringsramma for Arena Ulstein vert auke med 4,4 mill kr. Av dette går kr 3.940.447 til å dekke meirforbruk i 2011. Resten går til budsjettramme for 2012.

Investeringa vert finansiert med låneopptak.

Handsaming:

Framlegg frå Ulstein Venstre:
Ulstein kommunestyre føreset at det innan desse rammene for meirforbruk som vert løyvd, også vert utreda eit rimlegare alternativ som tar inn dei funksjonar som vi har bruk for.

Røysting:
1. Tilråding frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.
2. Framlegget frå Ulstein Venstre fekk 7 røyster og fall.

PS 12/69 OSNES KYRKJEGARD - AKTUELLE AREAL FOR UTVIDING

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ulstein kommunestyre viser til pkt. 1 i sitt vedtak 31.01.08, og ser det som avgjerande å sikre tilstrekkeleg areal til gravplass på Osneset. Etter kommunestyret si vurdering kan arealbehovet likevel stettast utan å måtte ta i bruk området på Vollemarka og som i gjeldande reguleringsplan er utlagt til bustadformål.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 12/70 RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN- REAKSJON PÅ BROT ETTER § 1-6

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Ved brot på løyve etter § 1-6 i alkohollova skal Ulstein kommune reagere på fylgjande måte:

a) Forholdet skal meldast til politiet

b) Ved neste søknad frå same personar, skal søknaden ikkje imøtekomast dersom brotet etter punkt a har ført til straffereaksjon frå politiet si side.

Handsaming:

Adm.endring:
Saka gjeld reaksjon for brot på alkohollova etter løyve gjeve etter § 1-6 , ikkje § 6.1.

Ulstein AP bad om gruppemøte. Dette vart imøtekome. Det vart også halde gruppeleiarmøte for å samordne framlegga.

Framlegg frå AP, KrF, SP og V:
Endring i pkt. b:
Ved neste søknad frå same personar, skal søknaden ikkje imøtekomast dersom brotet etter punkt a har ført til straffereaksjon frå politiet si side.

Framlegg frå H og FrP:
Ved brot på løyve etter § 1-6 i alkohollova skal Ulstein kommune reagere på fylgjande måte:

a) Forholdet skal meldast til politiet

Røysting:
1. Tilrådinga frå Rådmannen fekk 0 røyster og fall
2. Framlegg frå AP, KrF, SP og V vart vedteke med 13 røyster mot H og FrP sitt framlegg som fekk 12 røyster og fall.

PS 12/71 LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - STRAUMANE MAT AS - FORNYING

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Søknaden frå Straumane Mat AS vert imøtekomen.

A. Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 (lavare alkoholinnhald enn 4,8 volumprosent) for Straumane Mat AS, Hasund, 6065 Ulsteinvik vert imøtekomen.

   Løyvehavar er Straumane Mat as, org.nr 991255095
   Som styrar for salsløyve vert John Sæter Sundgot godkjent.
   Som avløysar for salsløyve vert Kanjana Lakta Hasund godkjent

B. Løyveperioda varer til 30.juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer (jfr Alkohollova § 1-6 første ledd), 30. juni 2016.

Fylgjande salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 gjeld i Ulstein kommune jfr. Ruspolitisk Handlingsplan 2012-2016 i høve sals- og opningstider:

A. Kvardager mellom 09.00-20.00 og for dagar før søndag og helligdager, Kristi Himmelfartsdag unnateke, i tida 09.00-18.00. Elles er salstida slik lova heimlar. Løyvet gjeld alkohol i gruppe 1.

Vilkår:

- Alkoholhaldige varer skal vere betalt innan salstida.
- Alkoholhaldige varer skal vere fysisk tildekte utanom salstida.
- Butikken skal ha sperre i kassa.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndag og helligdagar, 1. og 17. mai eller på stemmedagen for stortingsvalg, fylkestingsvalg, kommunestyreval og folkeavstemming ved lov.
- Den einskilde forretning betaler forskot på skjenkeavgifta kvart år og skal rapportere innan 01.03 for statusoppgjer.
- Brot på salsforeskriftene/alkohollova vil kunne få fylgjer for salsløyve.

Handsaming:

Framlegg frå Steinar Torvik:
Ulstein kommune gir løyve om sal over disk av alkoholholdig drikk Gr. I iht. framlegg i frå Levekår, men ikkje utviding av tidsrom for sal.
Salstid blir endra til same tider som for inneværande periode.

Framlegg frå Bjørg Hasund:
Bjørg Hasund/KrF vil støtte sosialtenesta sin uttale og tilråding og kan ikkje gå inn for salsløyve av alkoholhaldig drikk i butikk.

Røysting:

1. Framlegg frå Bjørg Hasund fekk 1 røyst og fall.
2. Framlegget frå Steinar Torvik fekk 3 røyster og fall.
3. Tilrådinga frå Levekårsutvalet vart vedteken med 24 mot 1 røyst.

PS 12/72 FORNYING-LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - NG KIWI MØRE AS

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Søknaden frå NG KIWI MØRE AS vert imøtekomen.

A. Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 (lavare alkoholinnhald enn 4,8 volumprosent) for KIWI 914 Ulsteinvik, Saunesvegen 2, 6065 Ulsteinvik vert imøtekomen.

   Løyvehavar er NG KIWI NORGE, org.nr 987615311
   Som styrar for salsløyve vert Marco Dimmen godkjent.
   Som avløysar for salsløyve vert Truls Røyset Håbakk godkjent

B. Løyveperioda varer til 30.juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer (jfr Alkohollova § 1-6 første ledd), 30. juni 2016

Fylgjande salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 gjeld i Ulstein kommune jfr, Ruspolitisk Handlingsplan 2012-2016 i høve sals- og opningstider:

A. Kvardager mellom 09.00-20.00 og for dagar før søndag og helligdager, Kristi Himmelfartsdag unnateke, i tida 09.00-18.00. Elles er salstida slik lova heimlar. Løyvet gjeld alkohol i gruppe I.

Vilkår:

- Alkoholhaldige varer skal vere betalt innan salstida.
- Alkoholhaldige varer skal vere fysisk tildekka utanom salstida.
- Forretninga skal ha sperre i kassa.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndag og helligdagar, 1. og 17. mai eller på stemmedagen for stortingsvalg, fylkestingsvalg, kommunestyreval og folkeavstemming ved lov.
- Den einskilde forretning betaler forskot på skjenkeavgifta kvart år og skal rapportere innan 01.03. for statusoppgjer.
- Søkjar må levere dokumentasjon på internkontroll etter alkohollova innen 01.08.2012
- Brot på salsforeskriftene/alkohollova vil kunne få fylgjer for salsløyve.

Handsaming:

Retting i tilrådinga:
«Salstider» vert erstatta med «Fylgjande salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 gjeld i Ulstein kommune jfr, Ruspolitisk Handlingsplan 2012-2016 i høve sals- og opningstider:»

Framlegg frå Steinar Torvik:
Ulstein kommune gir løyve om sal over disk av alkoholholdig drikk Gr. I iht. framlegg i frå Levekår, men ikkje utviding av tidsrom for sal.
Salstid blir endra til same tider som for inneværande periode.

Framlegg frå Bjørg Hasund:
Bjørg Hasund/KrF vil støtte sosialtenesta sin uttale og tilråding og kan ikkje gå inn for salsløyve av alkoholhaldig drikk i butikk.

Røysting:

1. Framlegg frå Bjørg Hasund fekk 1 røyst og fall.
2. Framlegget frå Steinar Torvik fekk 3 røyster og fall.
3. Tilrådinga frå Levekårsutvalet med retting vart vedteken med 24 mot 1 røyst.

PS 12/73 FORNYING-LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - VI-TO AS

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Søknaden frå VI-TO AS vert imøtekomen.

A. Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 (lavare alkoholinnhald enn 4,8 volumprosent) for VI-TO AS Rognahaugen 1, 6065 Ulsteinvik vert imøtekomen.

|

Løyvehavar er VI-TO AS org.nr 95963196
Som styrar for salsløyve vert Tina Fredagsvik godkjent.
Som avløysar for salsløyve vert Jan Inge Fredagsvik godkjent.

B. Løyveperioda varer til 30.juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer (jfr Alkohollova § 1-6 første ledd), 30. juni 2016.

Fylgjande salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 gjeld i Ulstein kommune jfr Ruspolitisk Handlingsplan 2012-2016i høve sals- og opningstider:

A. Kvardager mellom 09.00-20.00 og for dagar før søndag og helligdager, Kristi Himmelfartsdag unnateke, i tida 09.00-18.00. Elles er salstida slik lova heimlar. Løyvet gjeld alkohol i gruppe 1.

Vilkår:

- Alkoholhaldige varer skal vere betalt innan salstida.
- Alkoholhaldige varer skal vere fysisk tildekte utanom salstida.
- Det skal vere sperre i kassa.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndag og helligdagar, 1. og 17. mai eller på stemmedagen for stortingsvalg, fylkestingsvalg, kommunestyreval og folkeavstemming ved lov.
- Den einskilde forretning betaler forskot på skjenkeavgifta kvart år og skal rapportere innan 01.03 for statusoppgjer.
- Dokumentere internkontrollrutinar etter alkohollova innan 01.08.2012
- Brot på salsforeskriftene/alkohollova vil kunne få fylgjer for salsløyve.

Handsaming:

Framlegg frå Steinar Torvik:
Ulstein kommune gir løyve om sal over disk av alkoholholdig drikk Gr. I iht. framlegg i frå Levekår, men ikkje utviding av tidsrom for sal.
Salstid blir endra til same tider som for inneværande periode.

Framlegg frå Bjørg Hasund:
Bjørg Hasund/KrF vil støtte sosialtenesta sin uttale og tilråding og kan ikkje gå inn for salsløyve av alkoholhaldig drikk i butikk.

Røysting:

1. Framlegg frå Bjørg Hasund fekk 1 røyst og fall.
2. Framlegget frå Steinar Torvik fekk 3 røyster og fall.
3. Tilrådinga frå Levekårsutvalet vart vedteken med 24 mot 1 røyst.

PS 12/74 FORNYING-LØYVE TIL SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - COOP VEST SA

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Søknaden frå Coop Vest SA, vert imøtekomen.

A. Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 (lavare alkoholinnhald enn 4,8 volumprosent) for Coop Mega Ulstein, Sentrum, 6067 Ulsteinvik vert imøtekomen.

   Løyvehavar er Coop Mega Ulstein, org.nr 938586357
   Som styrar for salsløyve vert Sissel Kopperstad godkjent.

Som avløysar for salsløyve vert Anja Djupvik godkjent.

B. Løyveperioda varer til 30.juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer (jfr Alkohollova § 1-6 første ledd), 30. juni 2016.

Fylgjande salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 gjeld i Ulstein kommune jfr. Ruspolitisk Handlingsplan 2012-2016 i høve sals- og opningstider:

A. Kvardager mellom 09.00-20.00 og for dagar før søndag og helligdager, Kristi Himmelfartsdag unnateke, i tida 09.00-18.00. Elles er salstida slik lova heimlar. Løyvet gjeld alkohol i gruppe 1.

Vilkår:

- Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida.
- Alkoholhaldige varer skal vere fysisk tildekka utanom salstida.
- Butikken skal ha sperre i kassa.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndag og helligdagar, 1. og 17. mai eller på stemmedagen for stortingsvalg, fylkestingsvalg, kommunestyreval og folkeavstemming ved lov.
- Den einskilde forretning betaler forskot på skjenkeavgifta kvart år og skal rapportere innan 01.03 for statusoppgjer.
- Søkjar må levere dokumentasjon på internkontroll etter alkohollova innan 01.08.2012
- Brot på salsforeskriftene/alkohollova vil kunne få fylgjer for salsløyve.

Handsaming:

Framlegg frå Steinar Torvik:
Ulstein kommune gir løyve om sal over disk av alkoholholdig drikk Gr. I iht. framlegg i frå Levekår, men ikkje utviding av tidsrom for sal.
Salstid blir endra til same tider som for inneværande periode.

Framlegg frå Bjørg Hasund:
Bjørg Hasund/KrF vil støtte sosialtenesta sin uttale og tilråding og kan ikkje gå inn for salsløyve av alkoholhaldig drikk i butikk.

Røysting:

1. Framlegg frå Bjørg Hasund fekk 1 røyst og fall.
2. Framlegget frå Steinar Torvik fekk 3 røyster og fall.
3. Tilrådinga frå Levekårsutvalet vart vedteken med 24 mot 1 røyst.

PS 12/75 FORNYING - SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE - BEVILGNING FOR SAL - DAGLIGVARE A/S (BUNNPRIS ULSTEINVIK)

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 21.06.2012:

Søknaden frå Ulstein Daglegvare as, vert imøtekomen.

A. Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 (lavare alkoholinnhald enn 4,8 volumprosent) for Ulstein Daglegvare as (Bunnpris Ulsteinvik), Sjøgt 45, 6065 ULSTEINVIK vert imøtekomen.

Løyvehavar er Ulstein Daglegvare AS, org.nr 989397532
Som styrar for salsløyve vert Norvald Berge godkjent.
Som avløysar for salsløyve vert Phanthumat Laksanporn godkjent

B. Løyveperioda varer til 30.juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer (jfr Alkohollova § 1-6 første ledd), 30. juni 2016.

Fylgjande salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 gjeld i Ulstein kommune jmfr, Ruspolitisk Handlingsplan 2012-2016 i høve sals- og opningstider:

A. Kvardager mellom 09.00-20.00 og for dagar før søndag og helligdager, Kristi Himmelfartsdag unnateke, i tida 09.00-18.00. Elles er salstida slik lova heimlar. Løyvet gjeld alkohol i gruppe 1.

Vilkår:

- Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida.
